

## OPPRYDDINGA ETTER «DAGMAR»

Erfaring frå Stryn Kommune v. Asle Lyslo som har 40% stilling som fagkonsulent skog i Stryn Kommune, og 60% som skogsvegplanlegger i SFj. Skogeigarlag:

### Skogsdrift:

Ca. 80.000m<sup>3</sup> skog nedblåst. 95% gran hogstklasse 4-5.

Ca. 30.000m<sup>3</sup> hogge i 2012.

25.200m<sup>3</sup> innmålt til SFj. Skogeigarlag. 3000m<sup>3</sup> umålt?

Inntil 3 store taubaner (Monty) i drift samtidig frå 7.

februar og ut året. Månedproduksjon 500-1000m<sup>3</sup>/stk.

1 stk. kombi-hogst-maskin frå mars. Produksjon 500m<sup>3</sup>.

1 stk. grave-hogst-maskin frå mars. Produksjon 500m<sup>3</sup>.

Underteikna organisert alle skogsdriftene innanfor 5-10% stilling. (Synfaring/avtaler/hentemeldingar etc.)

### Vegplanlegging:

Bygt 1450 meter ny skogsbilveg.

Bygt 300 meter traktorveg.

Bygt 3300 meter om til bilveg.

Planlagt/godkjent i tillegg 4275 meter ny bilveg, 2700 meter ny traktorveg, 2050 meter ombygging til bilveg.

Jobba med 3 kilometer andre prosjekt i tillegg.

Underteikna planlagt innanfor 40% i kommunen.

(Om lag 25 kilometer bilveg og 5 kilometer traktorveg +byggemøter/StatNettmøter/kommunestyremøter/ oppfølging entreprenør osv. er planlagt innanfor 60% stilling som vegplanleggar i Sfj. Skogeigarlag.)

#### ERFARING SISTE ÅRET:

Kommunane har ikkje kapasitet til å handtere arbeidsmengda grunna reduserte stillingar i skogbruk.

Skogfunksjonærane har fjerna seg frå praktiske skogbruket. Blitt sakshandsamar med mange saksfelt.

Kun eit fåtal kommunar har kunnskap til å planlegge/følgje opp/ ferdig-godkjenne skogsvegar.

Kun eit fåtal kommunar har kunnskap om skogsdrift, kva som trengs av vegar til taubane/pilhøgde/ ankerfeste/ lasteplassar osv.

Innovasjons-tanken for skogbruket er borte. Få kommunar reknar med skogbruket i næringsbasen sin, som noko ein vil satse på med infrastruktur/planting og personell.

Fylkesmannen har ikkje kapasitet til å handtere arbeidsmengda grunna reduserte stillingar. Har medført:

- lang venting på svar om tilskot til vegbygging:
  - vegprosjekt lever i uvisse i mange månader. Får muntleg svar, men ikkje skriftleg løyving raskt nok.
- usikkerheit om tilleggsløyving taubanedrift;
  - fare for at oppryddinga stoppa då tømmerverdi + tilskot ikkje dekkja driftskostnad. Kriseløysing tvinga seg fram.
- panikk då vegkostnaden auka med 20-30%, og når ein såg kor dyre nokre taubanedrifter vart. Skapte usikkerheit og uro.

Fylkesmannen har likevel handtert situasjonen på ein fornuftig og praktisk måte til beste for flest muleg vegprosjekt/taubane-drifter.

Skogeigarlaget fekk også hardkjør med innmelding og spørsmål vedkomande hogst, levering, og bestilling av hogstgjengar i januar.

Manglande tømmerbil-kapasitet og manglande slip-levering gjorde at ein kom bakom med innkøyinga. Nesten a-jour nå etter avtale med 2 nye bilar. Om lag 4700m<sup>3</sup> ut av fylket annakvar veke.

Var forsiktig med å gå på hogstfelt der det var fare for negativt driftsresultat. Statssekretæren kom med nødhjelpa i april.

Mangla hogstmaskin-kapasitet og leigde inn frå Valdres og Østfold nokre månader. I dag auka eigenkapasitet på hogstmaskin-sida. Totalt 6 hogstmaskin-system i drift i dag.

Mangla personell til auka aktivitet. kun 1 skogbruksleiar i utgangspunktet.... 3 stk nå.

Ein skulle ønskt fleire vindfall-felt er hogge, men utfrå utfordringane ein har hatt økonomisk/transportmessig/kvotemessig/personellmessig kan ein vere fornøgd.

Til slutt:

Kva skjer med hogstfelta etter oppryddinga???

Dei fleste skogeigarane vil ikkje plante gran igjen...helst ikkje gjere noko med felta....

Skal kommunane forlange attplanting, om så med plantegjeng og utgifter til skogeigar?

Skal ein sjå mellom fingrane og seie at foryngelsen vil kome?

Skal alle felt der det er investert i veg og hogge gran plantast med gran?

Skal ein krevje omdisponering til beite, hyttefelt eller andre planar for å fråvike planting?

For å unngå ulik praksis mellom kommunane har underteikna stilt spørsmål om samordna retningslinjer til Fylkesmannen 3 gongar siste året...men får ikkje respons.

Spørsmålet er igjen stilt.....